

2022

Tilstandsrapport for grunnskulen i Bykle kommune



Foto: Sigrid Bjørgum



Bykle kommune
BYKLE SER LANGT

November 2022

Tilstandsrapport for grunnskulen i Bykle 2022

Den årlege tilstandsrapporten inngår som ein del av det ordinære plan-, budsjett- og rapporteringsarbeidet hos skuleeigaren og har kvalitetsutvikling som siktemål.

Tilstandsrapporten skal mellom anna møte lovkravet i Opplæringslova § 13-3e første ledd; § 13-3e. Plikt for kommunen og fylkeskommunen til å arbeide med kvalitetsutvikling
“Kommunen og fylkeskommunen skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultatane frå nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører med heimel i § 14-4. Som ein del av oppfølgingsansvaret, skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæringa, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av kommunestyret og fylkestinget...”

Personvern

Tal som blir lasta inn kan for små einingar innehalde indirekte identifiserbare opplysningar. Dette kan være teiepliktige opplysningar. Tilsvarande kan også gjelde for lokale indikatorar. Desse opplysningane blir handsama i tråd med reglane i forvaltningslova og/eller personopplysningslova.

Prøvkeregler regulerer offentliggjeringsregler av resultatane. I Elevundersøkinga er ein hovudregel at spørsmål svart på av færre enn 5 elevar blir unnateke offentliggjeing i sin heilskap, på grunn av fare for indirekte identifisering. Dette gjeld også for visning av svarfordelinga mellom gutar og jenter. I dei nasjonale prøvene er det ein hovudregel at verdien prøvkast dersom gjennomsnittet er basert på 1-9 deltakande elevar. Se Udir.no for detaljerte regler.

Årstrinn	Elevar
1. årstrinn 2021	13
2. årstrinn 2021	6
3. årstrinn 2021	6
4. årstrinn 2021	12
5. årstrinn 2021	12
6. årstrinn 2021	12
7. årstrinn 2021	9
8. årstrinn 2021	11
9. årstrinn 2021	3
10. årstrinn 2021	12

Bykle kommune har elevkull med få elevar. Slik blir enkelte data unnateke offentliggjeing av omsyn til personvernet. Det vurderast likevel å være formålstensleg å leggje fram ein rapport som kan handsamast i eit ope møte. Det vil i sum gi størst grad av openheit.

Rapportens inndeling

Rapporten tar utgangspunkt i Utdanningsdirektoratet sin mal. Rapporten blir supplert med elvars val av målform (tradisjon), med resultat frå tilsyn, nokre betraktningar kring «Laget rundt eleven» og økonomi.

Data

Rapporten omhandlar i hovudsak skuleåret 2021-2022, og har data frå dette; Skulefakta er henta frå Grunnskulens informasjonssystem (GSI), med telledato 1. oktober 2021. Elevundersøkinga er gjennomført hausten 2021. Nasjonale prøver er gjennomført hausten 2021. Ungdata 2022 er gjennomført vinter 2022.

Data blir presentert i denne rapporten, slik at en samanliknar ulike elevkull. Få respondentar gir stor usikkerheit. Data (spesielt angitt som prosent) må derfor nyttas med varsemd.

Det er og slik at tal og harde data berre gjeng inn som ein del av skulane og skuleeigars kunnskapsgrunnlag.

Innholdsfortegnelse

Tilstandsrapport for grunnskolen i Bykle 2022	1
Personvern	1
Rapportens inndeling	1
Data	1
Innholdsfortegnelse	2
Oppsummering	3
1. Elever, lærarar og målform	4
1.1. Antall elever i grunnskolen i Bykle kommune	4
1.2. Lærartettleik	5
1.3. Undervisningspersonale	7
1.4. Målform	8
2. Læringsmiljø	9
2.1. Elevundersøkinga	9
2.2. Mobbing på skolen (prosent)	10
2.3. Ungdata 2022	11
3. Nasjonale prøver	12
3.1. Nasjonale prøver 5. trinn	12
3.2. Nasjonale prøver ungdomstrinn	12
4. Karakterer og grunnskolepoeng	13
4.1. Standpunkt	13
4.2. Grunnskolepoeng	14
5. Gjennomføring vidaregåande opplæring	15
6. Lokalt tilsyn	16
7. Forvaltningsrevisjon 2022	16
8. Satsingsområde	17
9. Laget rundt eleven	17
10. Økonomi	18

Oppsummering

Elevtal

Elevtalet varierer frå 111 til 96 siste sju føregåande skuleår. I årets tilstandsrapport er og inneverande skuleår tatt med. Det viser en reduksjon frå 96 elevar til 87. Det var 12 elevar som gjekk ut av 10. klasse denne sommaren, samstundes som det var 4 elevar som starta i 1. klasse denne hausten. Skuleeigar er kjent med familiar som nemner skulemiljø som ein av årsakene til at de reiser.

Lærartettleik

Bykle kommune har høg lærartettleik. Den vil variera noko med antal elevar på dei einskilde trinna. Forutsigbart stillingsomfang bidrar til tilsette med høg og godkjent utdanning. Høg lærartettleik er et godt utgangspunkt for tilpassa opplæring.

Læringsmiljø

Elevundersøkinga gir ingen teikn på mobbing i skulen. Ungdata undersøking tyder på at fleire elevar opplever eit utanforskap. Skulane og skuleeigar er kjent med at det er elevar i Bykle som ikkje opplever å ha det trygt og godt på skulen. Ein er samstundes oppteken av at skulen eksisterer parallelt med lokalmiljøet. Arbeid med elevanes læringsmiljø må sjåast i samanheng med lokalsamfunnet sin samla innsats. Skuleeigar rapporterer på arbeidet med skulemiljø til kontrollutvalet og orienterar i kommunestyret. (ref. revisjon) Læringsmiljø basert på Udir sine obligatoriske indeksar verkar å være i god utvikling. Det gir et godt utgangspunkt for vidare arbeid.

Fagleg utvikling

Det bør være variasjon mellom de ulike årskulla. Ein ser at resultata varierer noko, men på et relativt høgt nivå. Det er samanheng mellom fagleg nivå og gjennomføringsgrad på vidaregåande skule. Skulane har gode interne rutinar for oppfølging av kartleggingsresultat.

Satsingar

Skulane driv et kontinuerleg utviklingsarbeid. Skulane har tatt satsinga på «Fagfornyelsen» inn i ordinær drift og startar nå opp på den statlege satsinga «Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis»

Tilsyn

Det blir gjennomført årleg tilsyn med skulane. Dei åra det er eksterne tilsyn/revisjon er det ikkje lokalt tilsyn. Inneverande år har Agder kommunerevisjon, på oppdrag frå kontrollutvalet undersøkt korleis Bykle kommune arbeider for at elevane skal ha et trygt og godt skulemiljø. Dei kjem med 5 tilrådingar.

Laget rundt eleven

Bykle kommune kan tilby ei rekke tenester til barn og unge. Nokre innfor eigen organisasjon, nokre i et interkommunalt samarbeid og nokre i samarbeid med stat og fylke. Nyare lovgjeving legg stadig meir vekt på behovet for samordna tenester. Det er naturleg at Bykle kommune vurderer å utarbeide ein overordna plan på nivå med «Temaplan under kommuneplans samfunnsdel», som kan omhandle oppvekst, folkehelse, inkluderande fellesskap og samordning.

Økonomi

Bykle kommune satsar på skulane sine

1. Elever, lærarar og målform


1.1. Antal elever i grunnskulen i Bykle kommune

Bykle kommune (EIER) | Antall elever | Eigne tal

Skoleår	Antal elever
2022-23 (GSI 2022)	87
2021-22	96
2020-21	101
2019-20	111
2018-19	110
2017-18	106
2016-17	99
2015-16	103

Bykle kommune (EIER), Grunnskole, Antall elever, Kommunal, Begge kjønn, Alle trinn

Tallene viser antal elever rapportert pr. 1. oktober kvart skuleår.



Tabellen bygger på skulanes rapportering av antall elever i 1. klasse pr. 1. oktober kvart år.

Tabellen er utarbeid lokalt.

Skuleeigar sin vurdering av elevtal;

Elevtalet i Bykle kommune har store variasjonar. Inneverande skuleår varierer årskulla frå 4 til 13 elever. Det verkar som det er større variasjon i antal elevar som startar på Fjellgardane skule.

Grunnskulen i Bykle har ein prosentvis høg turnover.


Rapporten frå komiteen «Nye innbyggjarar» peikar på at Hovden har mange sesongarbeidarar og folk som flyttar til og blir verande ei kort stund. Komiteen peikar og på at det er vanskeleg å kome inn i miljøa som tilflyttar.

Skuleeigar er og kjent med at enkelte familiar nemner skulemiljø som ein av årsakene til at dei reiser. Det tar skuleeigar på alvor. Skuleeigar er og oppteken av korleis skulen og heile Byklesamfunnet kan vidareutvikle seg som eit raust og inkluderande samfunn til glede for eksisterande og nye Byklarar.

1.2. Lærartettleik

Det er en nasjonal norm for lærertettleik i grunnskulen. Det skal være maks 15 elevar pr lærer på 1. – 4. trinn og maks 20 elevar pr lærer på 5. – 10. trinn. Det leggst egne utrekningar til grunn. Spesialundervisning kommer i tillegg.

Bykle kommune (EIER) | Lærertetthet i ordinær undervisning 1.-4. trinn | Egne tall



Bykle kommune (EIER), Grunnskole, Lærertetthet, Kommunal, Begge kjønn

Bykle kommune (EIER) | Lærertetthet i ordinær undervisning 5.-7. trinn | Egne tall



Bykle kommune (EIER), Grunnskole, Lærertetthet, Kommunal, Begge kjønn


Bykle kommune (EIER) | Lærertetthet i ordinær undervisning 8.-10. trinn | Egne tall



Bykle kommune (EIER), Grunnskole, Lærertetthet, Kommunal, Begge kjønn


1.3. Undervisningspersonale

Bykle kommune (EIER) | Årsverk for undervisningspersonale som går til undervisning | Egne tall



Bykle kommune (EIER), Grunnskole, Årsverk for undervisningspersonale, Kommunal, Begge kjønn, Alle trinn

Bykle kommune (EIER) | Andel årstimer gitt av personale med godkjent utdanning | Egne tall




Bykle kommune (EIER), Grunnskole, Andel årstimer gitt av personale med godkjent utdanning, Kommunal, Begge kjønn, Alle trinn

Skuleeigar sin vurdering av lærartettleik og undervisningspersonale

Skulane i Bykle har ein høg lærartettleik. Det er naturleg, med små elevkull. Grunnskulen i Bykle har ei stabil og godt skolert bemanning. Dette er gode utgangspunkt for god og tilpassa opplæring.

1.4. Målform



Skuleeigars vurdering av val av målform

Antalet elever som vel bokmål aukar med alderen.


2. Læringsmiljø

2.1. Elevundersøkinga

Skuleeigarar og skuleleiarar i grunnskulen er pålagd å gjennomføre elevundersøkinga for elever på 7. og 10. trinn. Læringsmiljøindeksane under er obligatoriske.

Bykle kommune (EIER) | Elevundersøkelsen 7. trinn | Egne tall


2021-22 2020-21 2019-20



Bykle kommune (EIER), Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig skole, Begge kjønn

Bykle kommune (EIER) | Elevundersøkelsen 10. trinn | Egne tall

2021-22 2020-21 2019-20




Bykle kommune (EIER), Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig skole, Begge kjønn

2.2. Mobbing på skulen (prosent)


Det er nulltoleranse for mobbing. Det gjeld nasjonalt og lokalt

Bykle kommune (EIER) | Mobbing på skolen 7. trinn | Egne tall



Bykle kommune (EIER), Grunnskole, Mobbing på skolen, Offentlig skole, Begge kjønn

Bykle kommune (EIER) | Mobbing på skolen 10. trinn | Egne tall



Bykle kommune (EIER), Grunnskole, Mobbing på skolen, Offentlig skole, Begge kjønn

2.3. Ungdata 2022

Ungdata er eit spørjeskjemabasert verktøy som gjev eit breitt bilete av korleis ungdom har det, og kva dei driv med i fritida. Prosessen i Bykle kommune drivast av folkehelsekoordinator.

Ungdata rapportane 2022 for Bykle, bygger på datainnsamling januar – mars 2022.

Ungdata 2022 har 25 respondentar

Ungdata 2022 junior har 26 respondentar

Ungdata i Bykle kommune har svært få respondentar. Dei som leier arbeidet med undersøkinga er oppteke av at vi er forsiktig med bruken av dei kvantitative resultata. Samstundes kan resultata bidra til ynskja fokus på ulike tema, og bidra til ei vidare utforsking.

Skuleeigar er kjent med undersøkinga sine nøkkeltal. Prosessen med å gi respondentane innsyn i resultata går føre seg nå.

Bykleungdom er i hovudsak som andre ungdommar. De har det bra!

Nøkkeltal for Bykle kommune finn du på ungdata.no

I ljøs av tema læringsmiljø og i forståing av at det er store samanhengar mellom skule og fritid ynskjer vi å påpeike svara på et spørsmål:

«Blir du sjølv utsett for plaging, trugsmål eller utfrysing av andre unge på skulen eller i fritida?»

På ungdomstrinnet svarar 24 % av elevane i Bykle ja på alternativa frå «minst kvar 14. dag» eller oftare.

Spørsmålet på mellomtrinnet er :

«Tenk på dei siste tre månadane. Har du blitt stengd ute, plaga eller truga av andre barn på skulen eller fritida?»

På mellomtrinnet svarar 8 % «minst kvar fjortande dag eller oftare».

Skuleeigar sin vurdering av læringsmiljø

Elevundersøkinga inneholder ei rekke indekser. Tabellane viser indeksane Udir vurderer å være spesielt knytt til læringsmiljø

For 7. trinn er de eksakte resultata prikkja da antal besvarelser er for lavt. Skuleeigar kan fortelje at reultatet ligg høgare enn landsgjennomsnittet på alle indekser. Det er gledeleg at resultata er spesielt høge på trivsel, støtte frå lærarane og støtte frå foreldra (frå alle indekser).

For 10. trinn er resultata tilgjengelege. Resultata hausten 2021 ligg høgare enn foregåande år. Det er og slik at resultata ligg svært nær landsgjennomsnittet. Det er gledeleg at resultata er spesielt høge på støtte frå lærarane, motivasjon og vurdering for læring (frå alle indekser).

Ungdata undersøkinga er i fassen for tilbakemelding til respondentane. Undersøkinga gir eit breitt bilete av korleis de unge har det.

Det er fleire resultat som kan være grunnlag for vidare undersøkingar, eller som del av eit kunnskapsgrunnlag for ulike utgreiingar.

Et trygt og godt skulemiljø er avgjerande for elevanes læring.

Elevundersøkinga og Ungdata gir et augneblinksbilde. Skulen bygger sitt kunnskapsgrunnlag på ei rekke ulike bidrag; ordinær deltaking i skulekvardagen, observasjon, elevsamtaler, utviklingssamtaler drøfting i

PALS team, elevundersøkinga, Ungdata, meir spesifikke kartleggingar ved behov, antal varsel til rektor, antal varsel til skuleeigar, saker i elevråd, samarbeidsutval og skulemiljøutval ...

Skuleeigar har vært i samtalar med skulane sine elevråd denne hausten. Dei stadfestar eit hovudinstrykk av at det er godt å vakse opp og å gå på skule i Bykle kommune. Dei fortel at dei har vener, og kjenner eller kjenner til alle dei veks opp med. Elevane beskriv ei aktiv fritid. Dei heng mye med vener frå skulen på fritida, men ikkje alltid. Dei fortel også at det er ein del aktivitetar dei ikkje kan velje, då dei er for få. Elevane opnar opp for at enkelte kan føle seg på utsida. Skuleeigar opplever samstundes at dei fortel at dei ynskjer å være inkluderande.

Arbeidet med læringsmiljø er ein kontinuerleg prosess. Skuleeigar opplever at læringsmiljø har et stort fokus på skulane. Arbeidet med tilrådingane frå Agder kommunerevisjon vil bidra til ytterlegare fokus. Dette arbeidet blir rapportert til kontrollutval og kommunestyre.

3. Nasjonale prøver

Nasjonale prøver er obligatoriske prøver som gir informasjon om grunnleggjande ferdigheiter i lesing, rekning og engelsk.

Alle elevar i grunnskulen skal meistre grunnleggjande ferdigheiter. Dette er ferdigheiter som gjer dei i stand til å delta i vidare utdanning og i arbeidslivet.

Nasjonale prøver kartlegg i kva for ei grad elevanes ferdigheiter er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheiten, slik den er integrert i kompetansemål i læreplanar.

Prøvene plasserer også elevane inn i ulike meistringsnivå. På 5. trinn er det tre meistringsnivå. På 10. trinn er det fem meistringsnivå. Resultata frå Bykle, fordelt på meistringsnivå er prikka. Skulen kjenner resultata på elevnivå.

3.1. Nasjonale prøver 5. trinn

Tabellen viser gjennomsnittet av elevane sine skalapoeng

Indikator	Bykle kommune	Agder	Nasjonalt
Lesing	51	49	50
Rekning	45	50	50
Engelsk	49	49	51

Kjelde: Utdanningsdirektoratet 2021-2022

3.2. Nasjonale prøver ungdomstrinn

Tabellen viser gjennomsnittet av elevane sine skalapoeng

Indikator	Bykle kommune		Agder		Nasjonalt	
	8. trinn	9. trinn	8. trinn	9. trinn	8. trinn	9. trinn
Lesing	53	53 (49)	49	52	50	53
Rekning	53	62 (56)	49	53	50	53
Engelsk	57		49		50	

Kjelde: Utdanningsdirektoratet 2021-2022

(Tala i parentes viser skalapoeng for disse kulla, på 8. trinn. Det er forventet stigning på 3-4 skalapoeng frå 8. – 9. trinn)

Skuleeigar sin vurdering av nasjonale prøver

Nasjonale prøver gir informasjon om et elevkull sine grunnleggende ferdigheter, på et gitt tidspunkt. Progresjon går ikkje fram av denne rapporten. Skuleeigar ser i sin gjennomgang at det enkelte elevkull har god progresjon gjennom grunnskulen i Bykle. Over tid vil ein kunne sjå om det er trender ut over variasjon mellom elevkull.


Skulane har ei rekke indikatorar på elevanes faglege utvekling; Øvrige kartleggingsprøver, lokale vurderingssituasjoner og tett oppfølging av den enkelte elev. Skulane i Bykle kommune benyttar resultata frå Nasjonale prøver i sitt utveklingsarbeid. Og, som en del av grunnlaget for å tilpasse opplæringa til den enkelte klasse, gruppe og elev.

4. Karakterar og grunnskolepoeng

Det ble ikkje arrangert eksamen skuleåra 2019-20, 2020-21 og 2021-22.


4.1. Standpunkt

Bykle kommune (EIER) | Norsk hovedmål standpunkt | Geografisk sammenligning




Bykle kommune (EIER), Grunnskole, Norsk hovedmål standpunkt, Offentlig skole, Begge kjønn

Bykle kommune (EIER) | Engelsk standpunkt | Geografisk sammenligning



Bykle kommune (EIER), Grunnskole, Engelsk standpunkt, Offentlig skole, Begge kjønn

Bykle kommune (EIER) | Matematikk standpunkt | Geografisk sammenligning




Bykle kommune (EIER), Grunnskole, Matematikk standpunkt, Offentlig skole, Begge kjønn

4.2. Grunnskulepoeng

Grunnskulepoeng er et mål for det samla læringsutbytte som sluttvurderast med karakterar. Grunnskulepoeng er berekna som summen av eleven sine avsluttande karakterar, delt på antal karakterar og multiplisert med 10.

Bykle kommune (EIER) | Grunnskulepoeng | Geografisk sammenligning

Skoleårene 2019-20 og 2020-21 er grunnskulepoeng kun basert på standpunktkarakterer



Bykle kommune (EIER), Grunnskole, Grunnskulepoeng, Offentlig skole, Begge kjønn

Skuleeigar sin vurdering av karakterar og grunnskulepoeng

Grunnskulepoenga viser det samla læringsutbytte som sluttvurderast med karakter.

Det angir kor langt vi kom.

Grunnskulepoenga i Bykle kommune ligg høgare enn det nasjonale gjennomsnittet og for Agder.

Samstundes er det slik at grunnskulepoenga for 2021-22 er lågare enn for 2020-21.

Ein kommune med få elevar må rekne med naturlege variasjonar. Grunnskulepoenga i Bykle kommune varierer frå 38,0 til 48,3 siste 10 år.

Landsgjennomsnittet har i same periode bevegde seg frå 40,1 til 43,4, med et lite hopp under pandemien.

Skuleeigar er godt tilfreds med å ligge over landsgjennomsnittet.

5. Gjennomføring vidaregåande opplæring

Alle elever som er i stand til det skal gjennomføre vidaregåande opplæring.

Tabellen viser prosentdel av elevkullet som er registrert i vidaregåande opplæring hausten etter uteksaminering frå grunnskulen.

Bykle kommune (EIER) | Overganger fra grunnskole til VGO | Egne tall

År	Andel overganger
2021	100,0
2020	*
2019	*
2018	*
2017	100,0

Bykle kommune (EIER), Grunnskole, Overganger, Begge kjønn

Agder fylkeskommune fortel at for 2013-kullet i Bykle var gjennomførings-grada i 92,8 %. Dette er mykje høgare enn snittet for Agder. Bykle har ikkje tall for 2015-kullet.

Skuleeigar sin vurdering av gjennomføring vidaregåande opplæring.

Høge grunnskulepoeng og 100 % oppmøte/registrering ved vidaregåande opplæring hausten etter uteksaminering frå grunnskulen er eit godt utgangspunkt for gjennomføring av vidaregåande utdanning og aktiv deltaking i samfunnet.

6. Lokalt tilsyn

Det gjennomførast årleg tilsyn med skulane i Bykle. Dei åra det er eksternt tilsyn, gjennomførast det ikkje et eige lokalt tilsyn.

Skuleåret 2021/2022 gjennomførte Agder kommunerevisjon forvaltningsrevisjonsprosjektet "Psykososialt læringsmiljø i grunnskulen" på oppdrag frå kontrollutvalet. Revisjonsrapporten er omtala lenger ut i tilstandsrapporten.

Skuleeigar har varsla skulane om lokalt tilsyn på tilrådingane som kjem fram i revisjonsrapporten, i 2023.

7. Forvaltningsrevisjon 2022

Agder kommunerevisjon har på oppdrag frå kontrollutvalet gjennomført forvaltningsrevisjonsprosjektet «Psykososialt læringsmiljø i grunnskolen». Revisjonen har belyst følgjande tre problemstillingar;

1. Har kommunen tilstrekkeleg internkontroll for å sikre at krava i opplæringslova § 9 A blir oppfylt?
2. Korleis arbeider kommunen kontinuerleg for å forebygge brot på retten til et trygt og godt skulemiljø?
3. Oppfyller skulane i Bykle kommune aktivitetsplikten for å sikre at elever har et trygt og godt psykososialt skulemiljø?

Agder kommunerevisjon oppsummerer undersøkinga med fem anbefalingar:

- *Kommunen bør styrke internkontrollen for å sikre regeletterlevelse innanfor opplæringsloven kapittel 9 A, herunder bør kommunen oppdatere delegasjonsreglementet sitt og videre delegering frå kommunedirektøren.*
- *Kommunen bør foreta jevnlig evalueringar for å videreutvikle det forebyggende arbeidet, herunder sikre medvirkning fra elever og foresatte.*
- *Kommunen bør vurdere om elevenes rettighet til nødvendig rådgivning oppfylles ved begge skolene.*
- *Kommunen bør forbedre skole-hjem samarbeidet, herunder informasjonen til, og kommunikasjonen med foresatte og elever, samt skolens informasjonsplikt til rådsorgan og elevdeltaking.*
- *Kommunen bør forbedre rutiner og praksis for å sikre at aktivitetsplikten blir overholdt, herunder sørge for at involverte elever blir hørt, at skriftlig plan blir utarbeidet, samt at det dokumenteres kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikten.*

Skuleeigar har orientert om status i arbeidet i kontrollutvalet 28. september og 9. november og i kommunestyret 20. oktober.

Det vil gis en skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet innan 1. mars 2023 om korleis tilrådingane i rapporten er fylgd opp.

I kommunestyremøte 20. oktober ble det tydeleggjort at det er elever og familiar i Bykle kommune som ikkje opplever et inkluderande miljø.

Det er skuleeigars vurdering at dette er et forhold som må takast inn i det vidare arbeidet.

8. Satsingsområde

Skulane driv et kontinuerleg utviklingsarbeid. Forventningane til skulen er mange. Skuleeigar er opptatt av at vi skal ha få satsningsområder. Slik kan vi oppnå sterkere fokus og større grad av fordjupning. Skulane har tatt satsinga på «Fagfornyinga» inn i ordinær drift, og er klare for neste satsingsområde.

Skulane er i ferd med å gå i gang med den statelge satsinga «Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderende praksis».

Kompetanseløftet er ei oppfylgjing av «Meld. St. 6 Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage og skole». «Målet er at alle kommunar skal ha nok kompetanse tett på barna og for å kunne forebyggje, fange opp og gje eit inkluderande og tilpassa pedagogisk tilbod til alle, inkludert barn og elevar med behov for særskilt tilrettelegging».

Det er naturleg å sjå satsinga i samanheng med barnevernsreforma og den lokale rapporten; «Kartleggingsrapport Barnevernsreforma – Oppvekstreforma» frå 31. mai 2022.

9. Laget rundt eleven

Bykle kommune kan tilby ei rekke tenester til barn og unge. Nokre innanfor eigen organisasjon, nokre i et interkommunalt samarbeid og nokre i samarbeid med stat og fylke.

«Kartleggingsrapport Barnevernsreforma-Oppvekstreforma» beskriv kompetanse, kapasitet og tiltaksnivå i detalj.

«Tverrfagleg samhandlingsplan – Barn og unge – Bykle kommune» ser på tverrfagleg samhandling rundt enkeltindivid, men også samhandling rundt tverrfagleg førebyggingstiltak på eit overordna nivå.

Planen må sjåast i samanheng med andre planar.

Formålet med planen er at ein skal gje gode og trygge oppveksttilhøve for barn og unge i Bykle kommune.

Tverrfagleg team skal bidra til informasjons utveksling, informasjonsflyt og kompetanseheving. Teamet ledest av SLT koordinator og møtast to gonger i året.

Fagteam er en tverrfagleg drøftingsarena med mål om å finne løysingar og tiltak, når det er meld inn behov. Fagteamet kan i tillegg ta opp saker på systemnivå. Fagteamet ledest av helsesjukepleier.

Nyare lovgjeving legg i aukande grad vekt på behovet for samordna tenester. Barnevernlova § 3-1 pålegg kommunen å vedta en plan for kommunen sitt for arbeid for å forebygge omsorgssvikt og utvikling av åtferdsvanskar.

Det er naturleg at Bykle kommune vurderer å utarbeide en plan på nivå med «Temaplan under kommuneplans samfunnsdel». Planen bør ta opp i seg nyare lovgiving og overordna tema som inkluderande fellesskap, folkehelse, oppvekst og samordning.

På kort sikt vil skuleeigar/skule- og oppveksansvarleg bidra til at Fagteamet skal være et tilgjengeleg forum for samordning/rådgiving/tilgjengeleg i tråd med Tverrfagleg samhandlingsplan.

10.Økonomi

Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskulen per elev

	2020	2021
Hele landet	125 392	135 421
Agder	121 042	129 613
Bygland kommune	187 786	220 771
Valle kommune	190 378	208 693
Bykle kommune	279 504	317 058

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Bykle kommune hadde i 2021 kr 317 058 i korrigerte brutto driftsutgifter per elev. Høge kostnader knytast i hovudsak til få elever, to skular og føreseieleleg bemanning.